




Vinje kommune

Næringskontoret



Rapport utmarksoppsyn 2020

Oppsummering/ konklusjon

Sesongen 2020 har vore fyrste år i prosjektet. Grunna koronasituasjonen vart det noko usikkerhet rundt gjennomføring og oppstart. Det lukkast likevel å setje i gang prosjektet og 2 tilsette starta i 50% stilling kvar f.o.m. 15. juni. Oppdraget vart sett til å vare fram til 15. oktober. Dette synes viktig då det nok har vore fleire folk i fjellet i sommar enn nokon gong grunna koronasituasjonen. Det vart styringsgruppemøte i forkant der det vart framlagt ynskje frå bondelaget om å handheve evt. lovbrøt knytt til bandtvang strengt. Dette vart teke med vidare og har vore eit fokusområde i det daglege oppsyn knytt til føresegn om bandtvang i kommunen.

Totalt har utmarksoppsynet over 600 timar i utmark i Vinje kommune i desse 4 månadane. Vertskapsrolla har talt 1503 personar i perioden. Det har vore utelukkande positive tilbakemeldingar og mange trivelege samtalar. Samstundes er det ført tilsyn med 194 hundar. Som fylgje av dette er 2 hundeeigarar meldt for brot på føresegn om bandtvang, 1 hundeeigar har motteke rettleiing.

Det har vore god dialog med dei fleste beitelag og det er gjennomført tilsyn i dei fleste område av kommunen. Det er satt mest fokus på område med mykje turistar og tidlegare uttalte problem med laushund i høve sau på beite.

Andre utfordringar som har dukka opp er knytt til parkeringsutfordringar ved populære turmål og slitasje på stiar. Høg fart på bilar innover Kråmvikvegen og til Bitdalsdammen er og ei utfordring både for beitedrift og for andre mjuke trafikantar.

Prosjektet med utmarksoppsyn har fenge ein del merksemd og mykje positiv omtale både lokalt, regionalt og i faglege fora for landbruket.

Ein viktig faktor som blir peika på av mange som positiv, er rapportar som kvar veke vert lagt ut på kommunen si heimeside og sosiale media.



Innhald

Oppsummering/ konklusjon.....	1
Bakgrunn	3
Organisering	3
Utmarksoppsyn	3
Gjennomføring	3
Ressursar	3
Oppsynsrapport.....	4
Oppgåver	4
Tilsyn.....	4
Vertskap.....	5
Turstiar	5
Miljøoppgåver	5
Erfaringar/ drøftingar	5
Tilsyn.....	5
Kontakt med beitelaga	5
Vertskap.....	6
Turstiar	6
Miljøoppgåver	8
Organisering	8
Utstyr.....	8
Oppsynet sine tankar om 2021 sesong	8
Kommentar i frå næringskontoret	8
Økonomi	9



Oppsyn med vidsyn

Bakgrunn

Til grunn for prosjekt utmarksoppsynet i Vinje ligg eit prosjektnotat – samt vedtak i kommunestyret 6.2.2020.

Kort fortalt er dette eitt prosjekt med oppsyn i utmarka med varigheit på tre år - for å sikre at både landbruket og reislivet får høve til utøve sine aktivitetar i forståing med kvarandre sine interesser og behov. Reiseliv og landbruk er hovudsatsing for næringsverksemd i Vinje kommune – og nyttar den same utmarka høvesvis til friluftsliv og beitebruk. Om ein skal oppnå god næringsutvikling i tråd med kommunale planer, er det avgjerande å sikre at båe næringane får høve til utøve sine aktivitetar side om side. Det er viktig å halde interesse motsetnadane på eit lågt nivå, og i staden auke kontakten mellom grunneigarar, landbruket og reislivsnæringa.

Organisering

Utmarksoppsynet er finansiert som eit spleiselag mellom landbruksorganisasjonane, Rauland Turist, Fylkesmannen i Vestfold og Telemark og Vinje kommune. Alle har representantar i styringsgruppa i tillegg til miljøkrimkoordinator i Sør-Øst Politidistrikt. Vinje kommune ved næringskontoret har det administrative ansvaret ved rådgjevar for reiseliv Aud Irene Kittelsen og landbruksrådgjevar Thor Christiansen. Kommunen har og arbeidsgjevaransvaret.

Utmarksoppsyn

Utmarksoppsynet vart lyst ut som ei heil stilling eller to delte stillingar for ein prosjektperiode på 3 år. Arbeidsperioden har vore frå om lag 15. juni til 15. oktober kvart år.

Rune Aarhus busett i Øyfjell og Knut Olav Edland busett i Edland vart tilsett og har fungert i 50 % stilling kvar.

Gjennomføring

I all hovudsak har utmarksoppsynet fungert slik at Knut Olav har hatt mest oppsyn i dei vestlegare delar av kommunen medan Rune har hatt mykje oppsyn lenger aust. Begge har hatt utgangspunkt frå eigen heim i staden for å ha eit fast møtepunkt på kommunehuset for så å reise ut. Dette sparar ein del køyring og har fungert som ei praktisk god løysing. Det har likevel vore køyrd mange kilometer i løpet av perioden. Ein rekk gjerne over 1 – 3 område på ein dag, avhengig av kva ein ser etter og kor lang tid ein nyttar på det enkelte område.

Det har vore prioritert område knytt til dei stadar der beitelag har gjeve uttrykk for mest utfordring med tilhøva mellom beitedrift og andre som ferdast i fjellet. Det har også vore eit mål å dekke opp dei fleste område i kommunen, dette har vore relativt godt dekt. I evalueringsmøte kom det likevel fram eit område som ikkje har hatt besøk av oppsynet. For å gjere dette betre neste år, er det tatt opp i styringsgruppa at dei enkelte beitelag er flinke til å melde i frå i forkant av sesong kvar dei primært ynskjer at me skal gå og til kva tider.

Ressursar

I 2020 har det vore 4 månadar med 100% stilling fordelt på dei to utmarksoppsyna. Begge har nytta eigen bil i arbeidet. Det er gitt ei godtgjering for bruk av eige utstyr som klede, sko, kikkert, gps, skrivesaker osv. Utmarksoppsynet nyttar eigen bil i teneste og skriv reisegodtgjersle for dette.

For sesongen 2020 er det utført to møter i forkant med miljøkoordinator for politidistrikt søraust, Jon Galteland som også sitter i styringsgruppa. Det er i fellesskap jobba mot å få på plass ei avgrensa politimynde for utmarksoppsynet. Dersom begge får plass på kurs i innan sesongen 2021 vil utmarksoppsynet ha avgrensa politimynde.

Elles har utmarksoppsynet refleksvest som uniform og ei magnetplate til å ha på bilen der det står Utmarksoppsyn og Vinje kommune.

Ved saker der utmarksoppsynet er i tvil om praksis er det næringskontoret som har vorte kontakta eller det enkelte beitelag dersom det er relevant. Det er innhenta opplysingar om dei ulike beitelag og kart over områda slik at utmarksoppsynet kan ha me dette i sitt daglege arbeid.

Oppsynsrapport



Oppgåver

Hovudoppgåva for utmarksoppsynet har vore ei vertskapsrolle for turistar og fastbuande som er på tur i utmark. Tilsyn med beitedyr og bandtvang har og vore eit fokus. Av andre oppgåver me har hatt mandat til har det vore knytt til å sjå etter og evt rydde turstiar der dette er avklart med grunneigar og miljøoppgåver som er knytt til forureining i utmark.

Tilsyn

I Vinje kommune er det eiga forskrift¹ om hundehald i tillegg til hundeloven som omtalar bandtvang. Av relevans for utmarksoppsynet i perioden dei operer, seier forskrifta at det er bandtvang i utmark der bufe beiter fram til 10. oktober.

Tilsynet har føregjenge ved at me primært er ute som vertskap for kommunen, men at det då er fokus i høve dei me møter som har hund. Me har nytta mest tid i dei område det er uttalt store utfordringar. Særskilt mykje tid har me nytta i område til Bitdalen Beitelag.

Det har også kome meldingar inn direkte til utmarksoppsynet eller via kommunen der publikum har observert andre med laushundar. Etter dette har me gjenge ekstra rundar i det området.

Elles har fokus vore å gange i beiteområda, men og knytt til turstiar med mykje ferdsel.

¹ FOR-2013-10-03-1268

Ei tilsynsoppgåve har og vore å sjå etter rovdyr eller teikn på rovdyr. Utmarksoppsynet har vore med på eit tilsyn knytt til observasjon av dødt lam der det var usikkerhet omkring rovdyr. Det synte seg å ikkje vere rovdyr eller hund.

Vertskap

Totalt i perioden har utmarksoppsynet vore vertskap for 1503 personar. Ikkje samtlege er prata med, men dette er personar me har møtt på våre oppsynsturar anten etter turstiar eller i beiteterrang.

Det har vore viktig å opptre ryddig og imøtekommande ovanfor dei me møter og ofte er det spørsmål knytt til rolla som utmarksoppsyn, beitedyr og turområde.

Turstiar

Det er gjenge opp ein god del turstiar i kommunen. Nokre av dei mest trafikkerte har vore Falkenuten og Bossnuten. Ei av oppgåvene knytt til dette er å sjå på søppel, slitasje, skilting, parkering og om det burde vore rydda sjølvsagt å i tillegg ettersjå bandtvang.

Miljøoppgåver

Ei av oppgåvene har vore knytt til forsøpling av utmarka. Her har det vore litt udefinert kva utmarksoppsynet primært skal sjå etter. I all hovudsak har dette vore knytt til vertskapsrolla der me samstundes har nytta høve til å observere om det er ting me ser som viktig å ta tak i.

Søppel, gamle gjerde som ligg i terrenget, motorferdsel i utmark, gamle båtvrak, ulovlege tilbygg på hytter etc. er døme på kva utmarksoppsynet ser etter.

Erfaringar/ drøftingar

Tilsyn

Dei me møter med hund, totalt 194 hundar, blir der det er anledning passa på å påpeike at me er glad for at dei har hunden i band. I 2 tilfelle der hunden ikkje var i band vart det ei sak som vart meld til politiet. I ei sak der hunden gjekk i langline, men eigar ikkje fysisk haldt i bandet vart det ei rettleiing med oppmoding om å halde i bandet noko vedkommande retta seg etter.

Kontakt med beitelaga

Utmarksoppsynet har i perioden vore i kontakt med dei fleste beitelaga per telefon, sms og med oppmøte i sanking eller annan samanheng i terrenget. Det meldast om ulike erfaringar rundt det å ha dyr på beite opp mot laushundar som ei utfordring. Nokre melder frå om store problem med laushund, medan andre uttalar at dei aldri har hatt problem. Utmarksoppsynet har difor prioritert dei områda der det er uttalt mest problem.

Utanom kontakten med beitelagsformann har det og vore kontaktar med einskilde bønder i beitelaga. Det kjem ofte då fram tankar om kvar det er lurt at me gjeng. Dette er viktig lærdom som blir tatt med til neste år. Det er drøfta i evalueringsmøtet at beitelaga tar ein runde før beitesesongen er i gang og kjem med ynskje om kvar dei tenker utmarksoppsynet bør gange.

Det har også vore konkret førespurnad frå ein bonde om sjølv har tilsyn kvar veke med egne sauer om utmarksoppsynet kunne dra ut ein tur ei veke vedkommande er på ferie. Slike handvendingar ser me som positive og prøvar å imøtekomme så langt det lar seg gjera.

Utmarksoppsynet synes det er viktig at dei som har dyr på beite føler terskelen er låg for å ta kontakt med utmarksoppsynet, sjølv om ein i kvart einskild tilfelle må vurdere kva oppsynet kan bidra med og ikkje.

Det har vore vidareformidla om lag 20 telefonar og sms meldingar om funn av sau og lam til beitelaga frå andre. Det har vore alt frå påkøyrse av sau, skadde dyr til ei hending med lam drepen av laushund, samt observasjonar av sau etter sanking.

Det er også kontakta eit beitelag om mykje gjerdemateriell som ligg at i fjellet.

Det har og vore kontakt med geitestøylar som har uttala lite eller ingen problem med laushundar.

Problemet er meir at geitene eller særskilt kjea kan fylgje etter folk og kome vekk frå flokken.

Utmarksoppsynet var med ein dag og leita etter geiter, det har og vore noko kontakt utanom dette.

Vertskap

I vertskapsrolla har vore ein svært triveleg del av jobben. Mange slår gjerne av ein prat om både jobben me gjer, omkring dei store beiteressursane i Vinje og ynskjer ofte også litt tips til nye turar og område dei kan oppdage i kommunen. Det har utelukkande vore positiv dialog med dei me har møtt undervegs.

Sommaren 2020 har vore spesiell med tanke på korona og det var forventna mykje folk i fjellet. Dette synt seg å vere korrekt. Utmarksoppsynet har møtt over 100 personar på ein dag på både Bossnuten og på Falkenuten. Andre område som tydeleg er populære er område utifrå hyttefelta ved Vierli og ved Holtardalen. Det er og observert mykje folk i områda utifrå Vågslid. Ålmanvegen har og vore populær i sommar. Ferdsele på turistløypa frå Hellevatn til Haukelisetser såg ut til å vere noko avgrensa kanskje grunna den store mengda med sno som låg att i fjellet til langt utpå sommaren. Det var likevel mykje folk inn til Veslenup og området rundt den.

Vehuskjerringa er også eit svært populært turmål, i stor grad er det observert vel så mykje lokale folk her som folk utanfrå bygda. Folk gjeng hit både frå Vehus sida, frå Hyllandsheia og frå Øyfyll sida.

Totalt sett når det kjem til utfart er det klart mest turgåarar å møte langs dei merkte stiane. Det er

lite folk å sjå elles i terrenget. Mange hadde funnet turen sin via ein tur app som t.d. ut.no og ikkje naudsynt kart frå kommunen eller reiselivet i kommunen.

BONDEVENNEN

Artikler ▾ Kjøp og salg Møtekalender

Held oppsyn med to- og firbeinte i utmarka

8. september 2020 | Aktuelt



Utmarksoppsyn: Nasjonalparkkommunen Vinje byr på flotte turområde. Men dei same områda skal også nyttast som beiteområde. Derfor har kommunen gått inn for eit tredrig prøveprosjekt med utmarksoppsyn. Frå venstre: Thor Christiansen, Knut Olav Edland, Rune Aarhus og Aud Irene Kittelsen.

Turistar og bønder nyttar i periodar den same utmarka - høvesvis til friluftsliv og beitebruk. Det skjer ikkje utan utfordringar. Difor har nasjonalparkkommunen Vinje starta ei prøveprosjekt med utmarksoppsyn.

Inna Bøtt Couda

Flott oppslag i bladet Bondevennen

Utmarksoppsynet har hjulpet til med dele ut gnagsårplaster, men elles ikkje episodar knytt til ulukker i fjellet.

Turstiar

Det har vore ekstrem pågang knytt til Falkenuten, men også enkelte andre stadar. Utmarksoppsynet har merka seg parkeringsutfordringar 3 stadar i kommunen.

Mange av dei utmarksoppsynet har møtt er kjent med problematikken rundt laushund og skader hunden kan påføre sau på beite. Det var derimot færre som hadde tenkt over skadane ein hund kan påføre på til dømes rypekyllingar eller anna vilt.

Det har også vore ein del spørsmål omkring fiskemoglegheiter og fiskekort. Det synes som ei klar interesse for mange, men dei er lite kjent med kva som finnest av moglegheiter for å drive fiske i kommunen.

Det har vore eit par episodar der

1 - Turen til Vehuskjerringa frå Vehus har problem med parkering, der vert det parkert på motsett side av vegen og dei som skal på tur må presse bilen inn i krysset til Versto. Samstundes er det ein skummel plass å krysse vegen på midt i ein sving.



Parkering sti Vehus

2 – Varlandskrysset når folk går til Bossnuten. Her har det stått bilar i heile krysset og langs Rjukanvegen. Det har også stått bilar innover Varlandsvegen som skapar utfordringar for fastbuande. Her er det også kryssing av vegen som kan vere uoversiktleg og skummel.

3 – Parkering Falkenuten. Det er telt opptil 100 bilar samstundes her. Parkeringa er ikkje i nærleiken av å dekke behovet på dei populære utfartsdagane. Her er det sjølvsagt mindre fart, men det er til tider tilløp til kaos med bilar som snur og parkerer langs vegskuldra på grusvegen. Det blir fort trangt, særskilt om ein skal forbi med større køyretøy.

Utfart til Vehuskjerringa

Når det gjeld turstiar elles så er det mange stiar i kommunen som gror att grunna lite bruk. Eit par stiar er rydda etter tillating frå grunneigarar. Elles er det observert ein del merkete stiar som har svært stor slitasje. Dårlig eller ingen klopping i myrlendt terreng gje fort søyletrasear. Dette er eit område som kanskje kommunen kan ta initiativ til å jobbe med.

Langs turstiane er det svært lite til ingen søppel å merke seg. Det har eit par gonger vore slik at oppsynet har tatt med noko søppel som har ligg ved utfartsparkeringane.

På Falkenuten har også utmarksoppsynet ved eit par anledningar sjekka turboka på toppen for Rauland Turist slik at dei veit når dei må bytte ut boka. Dette er ei enkel oppgåve for å forenkle kvardagen for Rauland Turist. Dette er også satt opp skilt i høve skilting for toalett ved parkeringa på Falkenuten.

Miljøoppgåver

Det er lite å melde omkring dette i utmark. I grenseland utmark/ innmark er det derimot svært mykje ein kunne tatt tak i. Gamle bilvrak, utrangerte maskiner og utstyr som står parkert for evig tid, dette har ikkje vore prioritert.

Ved Holtardalen er det observert noko plast og bygningsmateriell som har blåst inn i skogen. Det er også observert nokre tome saltsteinsautomatar som ikkje er i bruk lengre. Samt litt gamle gjerde, takplater osv.

Båtvrak ligg det og nokre av, dette er ting som ein kan få vrakpant for. Noko ser svært gammalt ut og utmarksoppsynet har ikkje nytta større tid eller ressursar på å finne eigar. Men i enkelte tilfelle er grunneigar gjort merksam på at det ligg søppel på vedkommande sin eigedom.

Det er kome lite meldingar om t.d. ulovleg motorferdsel i utmark. Det er heller ikkje observert nok rundt dette. Likevel kan sjå spor etter ATV i terreng.

Organisering

Det er ei bred styringsgruppe som fungera bra. Viktig å ha møte både i forkant og etter sesong. Ynskje om at alle aktørar tar med seg «utmarksoppsynshelsing» på Facebook og kommunen sine heimesider slik at dette vert delt mykje for å nå ut til fleire. Nokre er flinke på dette og det er viktig å bli lagt merke til for at utmarksoppsynet skal ha ein førebyggjande effekt i høve bandtvang.

Det har elles vore god og tett dialog mellom utmarksoppsyn og næringskontoret.

Utstyr

Utmarksoppsynet ynskjer litt enkelt utstyr som t-skjorter og jakke med logo. Det er ikkje alltid det høver å gange med refleksvest, men det er viktig å ha på ei uniformering som gjer det enklare for turistar å ta kontakt.

Oppsynet sine tankar om 2021 sesong

Etter drøftingar med styret og erfaringar gjort ynskjer me å fortsette mykje av arbeidet. Det vil fortsatt vere viktig å halde fokus og trykk på dette med bandtvang på tross av at det er relativt få hendingar oppsynet har vore borti. Dette er styret einige om at har ein god førebyggjande effekt.

Utmarksoppsynet er svært glad for endå tettare dialog med særskilt sauebønder om ynskjer for kvar ein skal gange.

Utmarksoppsynet i lag med næringskontoret og miljøvernkoordinator Jon Galteland jobbar vidare med å sikre avgrensa politimynde for 2021.

Kommentar i frå næringskontoret

Sesongen 2020 blei evaluert av styringsgruppa i møte den 27.10.2020. Det er gode og positive tilbakemeldingar frå alle. Det kan mellom anna nemnast at det har vore viktig å ha rapportar på kommunen sin side på Facebook kvar måndag – og at dette blir delt av organisasjonane. Det er kommentert at det truleg er mykje laushundar – sjølv om oppsynet ikkje har observert dei.

Vidare har det kome kommentar frå politiet rundt rutinar for å melde brot på bandtvangsreglar til politiet. Det må kome klart fram at det er Vinje kommune som er melder. Vedkommande må ha ein spesifikk fullmakt i frå kommunen for å kunne melde. Dette må det jobbast med vidare, men truleg vil det blir avklart ved at oppsynet får avgrensa politimynde. Det er og viktig å få ut meir informasjon til hytteigarane – oppsynet/kommune kjem gjerne på møter for å orientere.

Oppsynet får mykje skryt – og særleg på måten dei har balansert rolla som vertskap i utmarka for turgåarar med å hjelpe landbruket og beitelaga i deira oppgåver.

Denne rapporten har i hovudsak blir skrive av oppsynet ved Knut Olav Edland og Rune Aarhus. Avsnitta om bakgrunn, organisering og økonomi er skrive av næringskontoret.

Økonomi

Viser til tabell under. Kostnader til lønn og kjøring har blitt noko høgare enn budsjettert. Vidare er det betalt ut utlegg for eige utstyr for to år – då det er i starten det er behov for innkjøp av utstyr. Det er mogleg vi kjem i gang med kurs i løpet av desember, men det er ikkje ført noko på det pr i dag. Det er ført kr 5000,- som administrasjon/eigeninnsats frå oss på næringskontoret. Samla sett betyr det at kostnadene er omlag 3 % høgare enn budsjett pr i dag. For lønn og kjøring utgjør dette kr 14 000,-. Dette vil bli teke med i ny søknad for Fjellandbruksmidlar for 2021. Vinje kommune har forskotert utgiftene. Faktura til organisasjonane for 2020 blir sendt ut no i etterkant.

Budsjett	Rekneskap		
	1 år	3 år	Utgifter
Kostnad	Sum	Sum	2020
Løn - feriepenger, arb.g. avgift, forsikring, helgetillegg, mm	230 000	690 000	240 000
Køytregodtgjerdelse	20 000	60 000	24 000
Utstyr - klede, GPS, kart, vest og diverse	5 000	15 000	10 000
Administrasjon, telefon	5 000	15 000	5 000
Opplæring, kurs	5 000	15 000	
Uforutsette utgifter	5 000	15 000	
TOTALT	270 000	810 000	279 000
Finansieringsplan	1 år	3 år	Inntekter
Finansieringskjelde	Sum	Sum	2020
Vinje kommune	145 000	435 000	154 000
Fylkesmannen i Vestfold og Telemark - fjellandbruksmidlar	80 000	240 000	80 000
Beitelaga i Vinje - samla	25 000	75 000	25 000
Landbruksorganisasjonane i Vinje - samla	10 000	30 000	10 000
Rauland Turist	10 000	30 000	10 000
TOTALT	270 000	810 000	279 000



Falkenuten - ein populær tur for alle